



FAGFORBUNDET

Indre Hardanger

Sak 5 Innkomande saker

Årsmøte vedtok i fjor at saka om bårebukett blir sendt tilbake til styre for å leggja den frem på neste årsmøte på nytt.

Bårebukett Innsendar: Jorunn Augestad

Kameratar og fagforeinings venner.

Som medlem av Fagforbundet Indre Hardanger er eg gjort oppmerksam på at foreininga slutta å gje oppmerksam i gravferd/bisetting til medlemer som går bort.

Å gi oppmerksame frå fagforeininga til medlemmer i forbindelse med gravferd/bisetting kan være en viktig måte å vise respekt, takknemlegheit og solidaritet på.

Å anerkjenne avdøde som en del av fagforeininga viser respekt for dekans bidrag til fellesskapet etter mange år i arbeidslivet. Samtidig viser en støtte til familien. En gest frå fagforeininga kan bety mye for de pårørende, da det signaliserer at medlemar var verdsett og at de ikkje er aleine i sorga.

Fagforbundets grunnprinsipp bygger på fellesskap og omsorg for kvarandre. Ved å vise oppmerksam ved ein gravferd/bisetting, forsterkar man disse verdiane og det kan være med å styrke samholdet i fagforeininga ved å vise at medlemmene tar vare på kvarandre i både gode og vanskelege tider.

I Fagforbundet Odda, og andre fagforeiningar i Indre Hardanger har å gje ein bårebukett til medlemmer

vært en etablert tradisjon som har vært høgt verdsett.

La oss holde tradisjonar levende og heidle våre medlemer.

Forslag til Årsmøtet:

Fagforbundet Indre Hardanger innfører rutine med bårebukett til alle medlemmer som går bort.

Styre si be grunning:

Etter ei grundig vurdering har styret kome fram til at Fagforbundet Indre Hardanger avd. 141 ikkje kan vedta å dekke kostnader til blommar eller bårebukett i samband med gravferd av enkeltmedlem.

Dette er grunna med fleire forhold:

- Fagforbundet Indre Hardanger avd. 141 omfattar eit stort geografisk område (Ullensvang, Eidfjord, Ulvik) og har tillegg medlemmer spreidd over heile landet
- Medlemsregisteret vert ofte ikkje oppdatert før etter at gravferda har vore
- Fagforbundet Indre Hardanger avd. 141 har ikkje ressursar til å overvake dødsannonsar og dødsfall på ein forsvarleg måte
- Styret har ikkje funne ei rettferdig og god ordning som sikrar at alle dødsfall vert fanga opp, noko som kan føre til ulik behandling



FAGFORBUNDET

Indre Hardanger

- Det er ressurs- og kostnadskrevjande å følgje med på alle lokale aviser, nettaviser og kunngjeringar
- Innkjøp av blomar og ekstra avisabonnement vil medføre kostnader som kan gå utover medlemstilbod som kurs, medlemspleie og medlemshjelp

På bakgrunn av dette har styret i Fagforbundet Indre Hardanger avd. 141 vedteke følgjande: Me vil ikkje dekke kostnader til blomar eller bårbukett ved bortfall av medlem. Samstundes opnar me for å kunne gje ei markering ved bortgang av personar som er i et aktivt verv i fagforeininga.

Fagforbundet Indre Hardanger avd. 141 kan setje av ein årleg sum som vert gjeven til ein organisasjon – til dømes Kreftforeininga, Norsk Luftambulans – til minne om dei bortfallne.

Innstilling ifrå styret:

Fagforbundet Indre Hardanger avd. 141 setjar av kr 3000,- til ei organisasjon per i år. Dette skal gjevast i dei bortfallande medlemmers minne. Styret får mandat til å setje opp ei liste over organisasjonar som det skal rullerast mellom kvart år.

Det opnast opp får at ei kan gje ei markering ved bortgang for personar med aktive verv i fagforeininga.

Vedtak: